

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke:

Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Fjell

Emne:

Lynqing

Bygdelag:

Søre litten

Oppskr. av:

Hans O. Nordvik

Gard:

Nordvik

(adresse):

Missjøen

G.nr. 4

Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. (Eiga røynsle)

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Her er like lynqing i bygda
no; men bankinga færegår
på same måten, som ho har
gjort dei siste 50 åra.

Lynqen vert skoren med
ein vanleg sigd, og stappa
i korg (kjiipa) eller sekk
og bære på ryggen heim.
H.

På enkelte gardar vert
det enno skore noko lynq;
men for ein stor del er det
heilt stilt. Og grunnen er
den, at folk er opptekne med
anna arbeid, som er
lettare, og betre betalt.

I krigsåra (1940-1945) vart
det jamt over skore ikkje
so like lynq.

Ån nemna, at her
på min gard skar me
då 100 korgar lynq
vinteren og våren 1944.

2. Hvar korg (med under og over-skrid) reknar eg i omlag 50 kg.

3. Å skjara kilyng var helst om våren i vår-knipa. Og arbeidet kallast både: å lynga, lyngskjering.

4. Her i bygda vert lyngur skoren med ein vanleg sigd. (Hodn-sigd)

5. Det har alltid vore rekna som kvinnfolk arbeid.

6. Svart 3je år.

7. Ja, som før nemnt må den berast på ryggen i sekk eller korg. Summe stader kann ein bera lyngsekkene til veg, og so få kjøra dei til bitns. Suddre stader er der gjerne eit vatn, som ein har robåt i, og når ein so får lyngsekkene i båten kann ein mange stader føra dei neste heime.

8. Den vert ofte ligjande i sekkene eller korga til den vert brukt.

9. Det er helst kyr'na lyngur er ulla åt.

Men saiene likar og lyng når dei må stå inne dag etter dag på grunn av snøfall.

Kyr'na får lyngene
saman med høy, omlag
halvparten av kvart slag.

9. Ja, lyng er heldig for
lika godt for som dårleg
berga høy. B.

Kyr'na vert ikkje jagde
i lyngmarka no, men
sænen vert drevne i
lyngmarka om vinteren
og utover våren.

Men i gamle dagar måtte
nok kua finna seg i
å henta lyngene litt seg sjølv.
Far min fortel, at farmor
tok kyr'na med seg i
lyngmarka tidleg om
våren, og låg det so
stort snøfjerner at ikkje
kyr'na greidde å koma
fram, so gikk ho føre
og brøytt veg.

(Her er omlag 3 kvarters gang
frå garden og til lyngmarka)

Det kunde mange ganger
at det låg mykje snø i
dalar og søkkjer so det var
balsamt å koma fram,
men kuskapen måtte bergast
og fann kua litt lyng, og fekk
ho so noko bare all-åt, so
var det bra.

4
Det var vanleg framgangsmåte
i eldre tid.

Senjare tid (frå 1880-90 åra)
vart lyngeu henta heim
til fjøset.

hosing.

So vill eg veit, karkje
har eller er her sanket
mose som før her i bygda.

NORSK ETN 1934 GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY